

Kjell Arne Medhaug

Dei svake må bli synlege

– Eg trur at den måten vi best kan hjelpe evangeliet på, er når tilhøyrarane ser det og ikkje berre hører det. I den prosessen den norske kyrkja er inne i nå, er det mi von at diakonien får rom for handling og at det vert satsa på diakoni. Ja, ei kraftsatsing, slik at vi skal ha minst ein diakon i kvar kyrkjelyd, sier Kjell Arne Medhaug til Diakonos.

Av Inge Grøsland

Han var forbundsleiar i Det Norske Diakonforbund i åtte år. At han gikk av, er ikkje det same som at engasementet er borte. Kjell Arne Medhaug (54) arbeider på fleire arenaer. Mellom anna er han styreleiar ved Rogaland Høgskole, der han tidlegare har vore student, lærar og rektor. Han er styreleiar ved Solstrand Barnevernsenter (Kirkens SOS), og dessutan nestleiar i hovedstyret for Diakonhjemmets styre og i Diakonhjemmets høgskolestyre.

Ein høyding i det mangeårige arbeid med kristen høgskoleutdanning, innan psykiatri og på andre område der menneska ikkje høver inn i eit A4-format – ja, kort sagt, Kjell Arne er ein diakon.

Diakoni og studier

Det vart naturleg for han, i byrjinga på 70-talet at interessa for diakoni auka på, det var medan han studerte ved det som nå heiter Rogaland Høgskole. Han fullførte og diakonutdanninga si, ved Norsk Diakonihøgskole, Lovisenberg. Og i 1996 vart han friviljug viglsa som diakon heime i Skudenes, slik at han i dag gjer fleire kyrklege handlingar på friviljug basis.

Kjell Arne Medhaug vaks opp på Karmøy og reiste ut 17 år gammal. Det vart to år på folkehøgskole, eitt år på bibelskole i Staffeldtsgate i Oslo, før militærtjeneste. Han fann at Rogaland Høgskole var ein god lærestad, og tok til med studier der i 1969. I studietida var et engasjert i omsorgstanken og arbeid med medmenneske. – Medan eg var student dei tre åra, kom




kontakten med Diakonforbundet. Eg var aktiv i det vi kalla det kristne studentlaget ved skolen som hadde samarbeid med den diakonale studentorganisasjon for dei kristne private diakonale høgskolane. Det sto klart at eg ville ta utdanning som diakon.


Kontakten til diakongjerninga vart styrkt da han etter studier i 1972, vart et spurt om og tok til som avdelingsleiar ved Nærlandsheimen som høyrte til Diakonforbundet. Eitt år deretter bar det vidare til lærarstilling ved Rogaland Høgskole.

Heilskapleg utdanning

Dette var i ei tid med i eit spanande kollegium, samstundes med den rivande utviklinga innan vernepleiarfaget. – Eg fekk og vera med å ta til på arbeidet med å utmeisle ei heilskapleg utdanning til diakon med utgangspunkt frå ulike høgskolar. Ved Diakonhjemmets høgskole var det slik at diakonutdanninga føregjekk etter fagstudier ved Diakonhjemmets høgskole. Medan vi meinte ein måtte kunne slutføre diakonutdanninga ved Diakonhjemmet, sjølv om fagstudiet skjedde ein annan stad. I dag er jo dette for lengst blitt ein realitet, Seier Medhaug, som sjølv tok slutførte diakonutdanninga ved Lovisenberg, som åpna for «andre studentar» på eit tidlegare tidspunkt.

Om utdanningsspørsmål har vore viktig for Kjell Arne, så har psykiatrien vore likeså viktig. Såleis tok han til som forstandar ved Hallsetheimen i Trondheim i 1975, ein institusjon for psykisk utviklingshemma. Der vart han i eitt år til i april 1976 da





daverande rektor Magne Vold ved Høgskolen i Rogaland sa opp. Dermed bar det tilbake til Rogaland og rektorstilling, fra januar 1977. – Eg hadde vondt for å forlate Hallsetheimen, kommenterer han i dag.

Ved Rogaland høgskole vart han tilsett av forstandarskapet i Det Norske Diakonforbund. – Og nett dette gjorde at eg for alvor kom inn i diakonkretsen og fekk kontakt med dei miljø som arbeider med diakoni. Og nå fekk eg høve til å arbeide med diakonale fag og kristendom i tillegg til vernepleiarutdanninge. Så sterkt engasjerte han seg i diakonal verksemd at han medan han var rektor, tok diakonutdanninga ved Norsk Diakonihøgskole.

– Når ein såg kor mange dyktige fagpersonar det var til dømes vernepleien, sto det klart for meg at om desse hadde diakoniutdanninga med seg, ville både institusjonsliv og kyrkjeliv bli mykje rikare. Det var det helseministar Høybråten kalla for «ein tillegsverdi» i arbeidet på helse-, sosial- og omsorgssektoren, da han heldt innleiing under Diakonforbundets generalforsamling.

Etter å ha vore rektor i sju år, søkte han styrarjobben på Lillebo i Haugesund, institusjon for psykisk utviklingshemma. – Eg var i denne stillingen fram til HVPU-reformen i 1991. Da fekk eg tilbod om jobb i kommune og fylke, men mente framdrifta i reformen var for rask. Prosessane kunne ikkje ende godt.

I staden byrja Kjell Arne Medhaug som spesialpedagog ved barne og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved sykehuset i Haugesund, ettersom han hadde nytta «fritida» til utdanning i spesialpedagogikk.

Dei siste seks åra har han vore rektor ved Karmøy Folkehøgskule. – Det var som å komme heimatt, seier han, for forklarer at han aldri glømte dei gode ungdomsår han hadde som folkehøgskole-elev.

Dei store prosjekta

– Kva har så vore «ditt prosjekt» i ditt arbeid som diakon,

pedagog og sosial- og omsorgsarbeidar?

– Frå eg byrja på Rogaland Høgskole, har arbeidet vore slik at eg direkte og indirekte har arbeidd med psykisk utviklingshemma personar. Det har vore eitt av mine satsingsområde å synleggjera og legge til rette for at slik og andre personar som ikkje høver inn i storsamfunnets A4-format, i det minste skal finne ein sjølvsagt plass i kyrkje og kyrkjelyden.

Vidare har eg fått vera med å påverke og legge til rette for løysingar innan høgskoleutdanning på diakonal og kristen grunn. Såleis er han med i styret for sykepleierutdanning, sionomutdanning, sjukepleiar osv. – Det er særsviktig at vi får utdanne unge, kristne fagpersonar med diakonal forankring og med god faglig ballast.

Det tredje maratonlopet i Kjell Arne Medhaugs livsprosjekt er det meir enn 15 år lange arbeidet med å slå saman private høgskolar som er tufta på kristne grunnverdiar. Det var viktig å få privathøgskoleloven var viktig å få. Visjonen i det arbeidet eg har vore med på har vore å få ein større breidd av høgskolar med diakonalt perspektiv. Difor må vi få i stand eit vidtfemnande, heilskapleg og formalisert samarbeid som ser dei kristne høksolane under eitt, Storhøgskolen, eller Det kristne universitet om du vil.

Og dermed er han tilbake til diakoniens stilling, i kyrkja. Det er diakonien som skal sikre kyrkja og kristenlivet den sterke posisjonen mellom folk flest. – Eg skulle ønskje at sentralkyrkjelege organ og styresmakter kunne forstå og satse mykje meir på diakoniens plassering. Diakonane må ha gode rammevilkår, og vi må ha minst ein diakon i kvar kyrkjelyd. Det er å satse på diakoni, sier Kjell Arne Medhaug. – Det er å gjera evangeliet truverdig. Eller som Frans av Assisis seier: «Forkynn evangeliet, med ord om nødvendig».

Det er ei byrjing på å gi diakonien rett plassering at Kyrkjerådet går inn for at utdanninga skal ligge på master-nivå, meiner Kjell Arne, og legg til at hans kjære forbund også må ta mål av seg til å arbeide både med det tariff-faglege og det ideologiske.